Vekeplan 10. trinn Veke 47 og 48

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	Tema: Tekst i kontekst • Lesa og tolka skjønnlitterære tekstar og reflektera over innhald og verkemiddel • Samanlikna og tolka tekstar i ulike sjangrar i lys av den historiske konteksten og eiga samtid • Utforska korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge
Engelsk	• Reading, writing and speaking about the history, culture and language of Indigenous peoples • Reading Project: The Absolutely True Diary of a Part-Time Indian • Reading comprehension and reflection.
Matematikk	• Finna og bestemma punkt i eit koordinatsystem • Laga enkle funksjoner og sjå samanhengen mellom graf, funksjon og tabell • Finna stigningstalet og konstantleddet til funksjonsuttrykk og lineære grafar • Laga funksjonsuttrykk til funksjoner med utgangspunkt i ein gitt situasjon • Teikne grafen til ein lineær funksjon med avgrensing på papir og ved hjelp av grafteiknar og bruka grafen til å finna informasjon
Samfunnsfag	Tema: Berekraftig ressursbruk • Visa korleis teknologi kan både bidra til og hindra berekraftig utvikling • Gje nokre døme på urfolk sine rettar knytt til ressursar og landområde • Peika på konfliktar mellom ulike sider ved berekraftig utvikling
KRLE	Tema: Humanisme • Utforska og presentera sentrale trekk ved humanismen • Samanlikna ulike kjelder til kunnskap om humanismen og vurdera dei kritisk • Utforska andre sine perspektiv og handtera usemje • Gjera greie for korleis humanismen har vore ein del av den historiske utviklinga i Europa
Naturfag	• Gjere greie for produksjon, transport og lagring av energi • Forklara og vurdera nokre vanlege produksjonsmetodar for elektrisk energi • Gjera greie for kva vi meiner med bioligisk mangfaldog korleis det blir påverka av abiotiske og biotiske faktorar
Spansk	• Klima og vær på spansk • Arbeida med et spansktalende land • Bindeord og å trekka teksten saman.
Tysk	• Tysktalande land og byar • Weil-setningar • Ulike reisemåtar
Eng fordj	Future vision: School 2050, AI, Robots • Discuss our future with the use of Future tense • Use of the word ”might”

	• Express your opinions on the topic • Listening
Arbeidslivsfag	• Planleggja, gjennomføra og vurdera arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar • Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar
Kroppsøving	**Basketball\Basistrening (styrke):** • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. **Innsats:** • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	**Oppgåve: Kjøkkenredskap i tre** • visualisera form ved hjelp av frihandteikningar og/eller arbeidsteikningar • behandla og samanføya ulike materiale • bruka ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte • vurdera haldbarheita til materialet • presentera val frå idé til ferdig resultat i eit enkelt prosessnotat **Oppgåve: Geriljabroderi** • utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurdera haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk • fordjupa seg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera vala frå idé til ferdig resultat • reflektera kritisk over visuelle verkemiddel og eksperimentera med ulike visuelle uttrykk i ein skapande prosess

	• analysera korleis identitet og stadstilhøyrsle blir kommunisert gjennom arkitektur, kletradisjonar, kunst eller gjenstandar, og integrere kulturelle referansar i eige skapande arbeida
Musikk	**Blues og dans** • Spela blues på tre akkordar • Musisera i lag med andre • Følgja instruksjon i dans • Kunna grunnleggjande trinn i swing og salsa
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal **Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter**
Fysisk aktivitet	• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktiviteter aleine og saman med andre • Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode • Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	• Sporlaus ferd (i ufarleg retning)
Trafikk	• Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå • Trafikk skilt
Olweus	Å ta initiativ og delta: • Korleis skapa deltaking og eit godt fellesskap i klassen • Vera raus i møte med initiativ som «Skal me dansa»

INFORMASJON TIL HEIMEN

Ska me dansa
Me er i full gang med å øva på swing og salsa, og elevane begynner å få inn takta og læra seg trinna. Det blir finale onsdag 16. desember kl 18.00 i Vardheihallen. Føresette er velkomne til å koma og sjå. Elevane kan velga om dei vil vera med og dansa eller om dei vil vera publikum. Kvelden er obligatorisk for elevane, og elevane vil få avspasering måndag 21. Desember.

Hei verden
På måndag er det kick off for solidaitetsprosjektet til BUS. Me samlar inn pengar til Hei verden. Dette året skal elevane ha "Jobb ein dag", der elevane skal jobba i ein bedrift eller heime. Minsteprisen for arbeidet er 350 kr. Elevane får utdelt informasjonsark på måndag om dette.

Erling sin lesekonkurranse
Elevane les masse og er ivrige i konkurransen. Tysdag 24. november kl 17-21 arrangerer lærarane ein lesekveld for elevane. Elevar som er med på dette vil få avspasera tysdag 22. desember. Ønskjer ein ikkje å vera med på lesekvelden, vil det vera skule for dei som ikkje er med. Informasjon om lesekvelden kjem!

Vaksinasjon
Det blir vaksinering for dei som ønskjer det torsdag 19. November. Informasjon om dette er allereie blitt sendt ut.

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR			
Fag	**Kva**	**Vurdering**	**Veke/dato**
Norsk (CDE)	Munnleg diktanalyse *(Arbeid i timane, innsending av video el. framføring for lærer)*	Karakter	Veke 48/49
Spansk Tysk	Skriftleg prøve Presentasjon + spørsmål	Karakter Karakter	Veke 48 Veke 47/48
Naturfag	Praktisk munnleg kap 7 & 8	Karakter	Veke 47/48

HEIMEARBEID VEKE 47	
Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på • oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	Read or listen to chapter 21 of The Absolutely True Diary of a Part-Time Indian. It is called And a Partridge in a Pear Tree
Matematikk	2.107, 2.110, 2.112, 2.113, og 2.115

Samfunnsfag	Istadenfor samfunnsfaglekse denne veka; bruk tida di på lesing
KRLE	Les side 286-288 i KRLE-boka (tekstane ligg innlesne på aunivers). Skriv: Skriv ei oppsummering av sidene. Få med deg kva Human-Etisk Forbund er for noko og kva dei jobbar for.
Naturfag	Kunnskapsfilm - Elektrisitet - Kunnskapsfilm Bruk s. 204 – 206 Forklar omgrepa turbin, generator, induksjon og elektrisk straum
Spansk	Ejercicios s. 66-67 oppgåve 1 og 3. Ta bilete og legg inn på ON under heimearbeid
Tysk	Ver klar til presentasjon og spørsmål
Eng fordj	Future tense – return the worksheet on Thursday
Kroppsøving	**Basketball\Basis:** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne. **Symjing:** Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Øv heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane.
Kantine	Anne Marie si gruppe lagar mat
Fysisk aktivitet	Oppmøte i Timehallen. Ta med gymklede og sko til å vera inne.
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur

HEIMEARBEID VEKE 48	
Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på • oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Matematikk	Løys oppgåve 2.119 og 2.121. Gjer oppgåve 2.124 på Geogebra - bruk sjekklista for kva som skal vere med.
Samfunnsfag	Istadenfor samfunnsfaglekse denne veka; bruk tida di på lesing
KRLE	Les side 289-294 i KRLE-boka (tekstane ligg innlesne på aunivers). Gjer *finn svaret* oppgåve 1-5 side 294.
Naturfag	Les s. 5-8 Forklar omgrepa biologisk mangfald, økosystem, evolusjon og art
Spansk	Førebu deg til skriftleg prøve på torsdag
Eng fordj	Write 5 sentences ”What AI services do we use everyday?»
Kroppsøving	**Basis (styrke)** Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne. **Symjing:** Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Musikk	Øv heime om du ikkje heng med på progresjonen i timane.
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat
Fysisk aktivitet	Oppmøte i Timehallen. Ta med gymklede og sko til å vera inne.
Friluftsliv	Avspasering for overnattingstur